

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG
Norge

Vår saksbehandler
Maria Makloufi Skjold

Vår dato
17.08.2021
Deres dato

Vår referanse
21/00220-5
Deres referanse

Uttale knytt til konsesjonssak Gnr/bnr 219/1 – Vike

Vestland Bondelag er eit fylkeslag av Norges Bondelag. Vi har 7.300 medlemmar og lokallag i alle kommunar, med unntak av Fedje. I Alver har vi fem lokallag. Bondelaget er den leiande organisasjonen for næringspolitikk og service i landbruket. Organisasjonen har som mål å betre vilkåra for landbruket, sikre ressursgrunnlaget og auke den berekraftige matproduksjonen basert på norske ressursar. Bondelaget er partipolitisk uavhengig.

Vestland Bondelag er kjent med at Gnr 219/1 – Vike i Alver kommune er seld på tvangssal og at kommunen no handsamar ny søknad om konsesjon. Bondelaget har stor interesse i å sikre at jordbruksressursane i fylket vårt vert forvalta berekraftig og til beste for lokalsamfunnet og landbruksnæringa. Vi tillét oss derfor å gi innspel om vårt syn i saka.

Føremålet med konsesjonslova er å sikre vidare landbruksproduksjon ved kjøp og sal av landbrukseigedommar. Konsesjonslova gjeld for utbygde eigedommar som har meir enn 35 dekar full- og/ eller overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog. Konsesjonslova omfattar alle arealressursar i LNFR-områder, her under jordbruksareal, produksjonsskog og annan utmark. Å få konsesjon til å ta over ein landbrukseigedom er eit samtykke frå samfunnet til drive landbruksproduksjon. Konsesjonslova sikrar at landbrukseigedommar er eigd av enkeltpersonar, og avgrensar moglegheita for selskap til erverv av landbrukseigedom. Konsesjonslova er og har vore grunnlaget for det familiedrivne jordbruket i Norge.

Vestland Bondelaget er derfor nøgd med Alver kommune si handtering og konklusjon om avslag på konsesjonssøknaden frå Vike camping og marina AS.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva slik til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), vert brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Det er eit politisk ansvar at kommunen legg til rette for at arealressursane kan disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD
Bankkonto: 8101.05.12891, **Org.nr.:** 985063001 MVA
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

Norges Bondelag

Bankkonto: 8101.05. 91392
Org.nr: 939678670

Samanlikna med andre land har Norge svært lite areal som er egna til matproduksjon. Berre 3% av landarealet er dyrka. Av dette er berre 1/3 egna til å korn og grønsaksproduksjon, resten vert nytta til gras. Lovverket skal syte for at mest mogleg av areal egna til matproduksjon vert tatt vare på, ut frå omsyn til sjølvforsyning og beredskap.

På vestlandet er husdyrhald, grasproduksjon og beitebruk hovudproduksjon. Strukturutviklinga i landbruket har gjort det mindre lønsamt med små bruk og bidrege til at mange mindre bruk har gått ut av drift, eller at jorda vert driven av nabobruk. Vestland Bondelag meiner at det i denne saka vil vere føremålstenleg at landbruksressursane (det areal som ikkje har status som camping i kommuneplanen) vert delt frå og seld som tilleggsjord til aktive nabobruk. Dette vil støtte opp under føremålet i jordlova og styrke driftsgrunnlaget for aktive familiebruk i Vike.

Med helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Anders Felde

Lars Peter Taule

Fylkesleiar

Organisasjonssjef